

ÅRSMELDING
FRÅ
FRIIDRETTSGRUPPA
1990/91

②

Totalt fekk vi eit underskot på nær 30.000 kroner. Dette underskotet må sjåast i samanheng med at vi har overført nær 48.000 til ferdiggjøring av lagerlokalet ved Bergsøy stadion. Heller ikkje i år fekk vi slutt-tildeling av tippemidler for dette anlegget. Vi fekk 117.000, og er stilt i utsikt ei tildeling på vel 100.000 neste år.

Økonomien vert nærare omtala i kommentaren til rekneskapen, der det er vedlagt ei oversikt over utgifter og finansiering av lagerlokalet/tribunebygget.

D E L T A K I N G P A S T E M N E

Frøidrettsgruppa har hatt deltakarar ved desse stemna i sesongen:

KM- hopp u/tilløp	KM-banestemne	KM-terrengløp
Bergsøyløpet	Bergsøyleikane	Myklebustvatnet rundt
Akslaleikane	Spårebankleikane	Høddleikane
Ørstaleikane	Pondusleikane	Dimnaleikane
Patchellstafetten	Vikingstafetten	Høddløpet
Valderløpet	4 kretscupstemne	
K-Bankleikane (Lillehammer)	Midtnorsk Meisterskap (Overhalla)	
Ungdoms - NM (Fredrikstad)	Milk - Run (Lillestrøm)	
Midtskandinaviske ungdomsmatch (Sverige)		

Gruppa har fått desse KM-meisterane:

Mary-Ann Balangis (lengde og høgde uten tilløp)
Kristian Remøy (800 m)
Lydia Iren Waage (800 m)
Nina Igesund (1500 m og terrengløp)
Ola Goksøy (terrengløp)

Av gode resultat utanom dette kan nemnast at Lydia Iren Waage tok 1. plass på 800 m og 1500 m under K-bankleikane på Lillehammer, ho vart vidare Midtnorsk meister på 800 m, tok 2. plass under Ungdoms-NM på same distanse og vart nr 3 under "Milk-Run"(NM-terrengløp for ungdom.)
Nina Igesund tok 2.plass på 3000m under Midtnorsk Meisterskap. Både Nina og Lydia Iren hevda seg godt på Kretscupstemna, i konkurranse med eldre deltakarar.
Ola Goksøy vann sin veteranklasse i lange løp på Kretscupstemna.

A N L E G G

Arbeidet med lagerlokale/tribunebygg v/Bergsøy stadion reknast som avslutta. Gruppa planlegg ikkje nye anlegg no.

G E N E R E L L K O M M E N T A R

På grunn av svikten i økonomien har dette året vore spesielt arbeidskrevjande for foreldre og tillitsvalde. Gruppa er lita, og det er dei same personane som må stille opp anten det er stemneavvikling, oppfølging av dei aktive, skyss til stemne, dugnad på anlegg og inntektsgjevande arbeid. Då er det i alle fall ei oppmuntring at mange av dei aktive har vist framgang og oppnådd mange fine resultat i sesongen som var.

Gunnar Ryan, Roger Myklebust, Inger Hjorthaug, Svein Vikene, Målfrid Båtevik, Johanne Waage, Andreas Kvalsund, Norvald K. Igesund

BERGSØY I.L. - Friidrettsgruppa

REKNESKAP 01.10.90 - 30.09.91

KOMMENTARAR

Budsjettet for 1990/91 balanserte på kr 230.000. Den avslutta rekneskaperen pr. 30.09.91 viser samla driftsinntekter på kr 190.529,28 og samla driftskostnader på kr 220.086,88. Dette gjev ei budsjettoppfølging på 83 % på inntektsida og 96 % på utgiftsida. Underskotet i 1990/91 - rekneskaperen vert på kr 29.557,60.

I høve til budsjettet er det to postar som viser betydelig svikt i inntening. Konkurransen på markedet for slutta lag, vanskar med å få leige kulturhuset til dei mest gunstige tidspunkt, og avbud frå musikantar i siste liten er truleg forklaring på at posten "Basar, Slutta lag, kiosksalg" ga nær 50.000 kroner i inntektsnedgang i høve til forrige år. Posten "Annonser og Reklame" viser også relativt stor svikt, men den kan forklarast med at alle "Skiltreklamepengane" frå Bergsøy stadion i år har gått direkte til nedbetaling av lån på anlegget.

Posten "Div. salg/refusjoner" ga til gjengjeld mykje meir enn budsjettert. Dette skyldes at inntekter frå utleige lagerlokale og inntekter frå utdeling av bos-sekker er ført på denne posten.

På utgiftsida er det bra samsvar mellom budsjett og rekneskap. Auking av kontingenten som gruppa betaler til kretsen er noe av forklaringa på at posten "Startlisens og forsikring" ble underbudsjettert. Den dårlige økonomien har elles ført til sparing der det var mogeleg. Postane "Kurs, instruksjon og materiell" og "Drakter, utstyr m.v." ligg derfor langt under det som var budsjettert.

Samla aktiva var pr 30.09.91 negativ (kr 549,12-). Bortsett frå lån på anlegg hadde vi ikkje anna gjeld.

Fosnavåg 20.11.91

Gunnar Ryan

Roger Myklebust

Inger Hjorthaug

Svein Vikene

Målfrid Båtevik

Johanne Waage

Andreas Kvalsund

Norvald K. Igesund

⑥

Bergsøy I.L. - Friidrett

BUDSJETT 1991/92

TEKST	RESULTAT 90/91	BUDSJETT 91/92
BASAR, SLUTTA LAG, KIOSKSALG	100028,37-	120000
LODDPENGER	8420,00-	20000
DIV. SALG/REFUSJONER	21182,00-	15000
STARTKONTINGENT	18615,00-	15000
ANNONSER OG REKLAME	26000,00-	14000
KULTURMIDLER	15000,00-	15000
RENTEINNTEKTER	1283,00-	1000
<u>SUM DRIFTSINNTEKTER</u>	<u>190529,28-</u>	<u>200000</u>
BASAR, SLUTTA LAG, KIOSKSALG	79465,56	80000
REISE OG OPPHOLD	30789,50	30000
STARTKONTINGENT	11621,00	12000
PORTO, TELEFON, ADM. UTGIFTER	7786,38	8000
TRENERUTGIFTER	15235,00	15000
KURS, INSTRUKSJON, MATERIELL	767,00	5000
PREMIER, MEDALJER	7945,00	10000
STEMNEFØREBUING	1123,84	1000
ABBONEMENTER OG HANDBØKER	1975,00	2000
STARTLISENS OG FORSIKRING	10252,80	10000
EIGENKAPITAL ANLEGG	47712,20	5000
DRAKTER, UTSTYR M.V.	4803,60	20000
GARDEROBELEIGE, VASK	590,00	2000
RENTEUTGIFTER	20,00	0
<u>SUM DRIFTSKOSTNADER</u>	<u>220086,88</u>	<u>200000</u>

Kommentar.

Resultatet frå sist år må vere retningsgjevande for planlegging av budsjettet for neste år. Vi vonar på eit litt betre resultat av "Slutta laga", og posten loddpengar er auka fordi det er friidrettsgruppa som skal ha hovudlotteriet for idrettslaget komande sesong.

På utgiftssida er eigenkapital anlegg sett til berre kr 5000.- Dette fordi friidrettsgruppa allereide har forskotert ein så stor del av fellesutgiftene ved tribunedelen med midlar frå gruppa sitt driftsbudsjett at vi vil ha pengar til gode sjølv om alle inntektene frå skiltreklamen på Stadion også neste år går til dette anlegget.

Fosnavåg 20.11.91

Gunnar Ryan

Roger Myklebust

Inger Hjorthaug

Svein Vikene

Målfrid Båtevik

Jonanne Waage

Andreas Kvalsund

Norvald K. Igesund